



RÅDSMEDLEMMENE

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Torsdag 18.01.2018

Klokka 09.00 – 14.00

Stad: Yrkesskulebygget, Granvin

Møteplan i Hardangerrådet godkjent 14.09.2017 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 – 12.00 Sakshandsaming

12.00 – 12.45 Lunsj

12.45 Orientering:

12.45 – 13.30 Reiseliv og infrastruktur i Hordaland - Pilot i Hardanger - Tiltak før sommaren 2018 ?
v/ John Martin Jacobsen og Matti Torgersen, Hordaland fylkeskommune
Carl Erik Nielsen og Jostein Vandaskog, Statens vegvesen

13.30 – 14.00 Evt. sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 01/18 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 06/18.

HR-sak 02/18 Heile Hardanger – Heile året

- Orientering om prosjektsøknad – vidare prosess
v/ Natalia Golis, leiar Team Hardanger
- Koordinering mellom dette prosjektet og Prosjekt: Miljøplanar for kommunane/herada i Hardanger

HR-sak 03/18 Statlege arbeidsplassar til Hardanger

- Orientering om møte med Hordalandsbenken 09.01.2018
- Orientering frå Ullensvang kommune v/Arbeidsgruppa for statlege arbeidsplassar
- Strategi – samhandling for dette arbeidet framover
Drøfting

HR-sak 04/18 Prosjekt-invitasjon 2018 frå Fylkesmannen i Hordaland
Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane.

- Fellesprosjekt – Koordinering
- Regional søknadsfrist
Drøfting

HR-sak 05/18 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

HR-sak 06/18 Orienterings- og drøftingssaker – Saker innmelde ved starten av møtet

HR-sak 07/18 Meldingar

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 12.01.2018

Hans Petter Thorbjørnsen/s
rådsordførar

Jostein Eitrheim
dagleg leiar



Møtedato 18.01.2018	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak 01/18 Meldingar

Melding 1 Prosjekt invitasjon 2018 - Skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland av 19.12.2017.

Melding 2 Brev til Hardangerrådet om Regional næringsstrategi frå Hardanger Næringsråd av 20.12.2017.

Melding 3 Brev til Hardangerrådet om framtidig kommunestruktur frå Ullensvang Næringsforum av 05.01.2018



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
19.12.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/15172 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13,5902 Isdalstø
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2018

Innleiing

Fylkesmannen vil med dette brevet invitera kommunane til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2018.

Ordinært skjønstilskot er ein del av rammetilskotet til kommunane. Fylkesmannen har til no fordelt kr. 91,5 mill. av den totale skjønnsramma på kr. 122,5 mill. til kommunane i Hordaland for 2018. Restsummen på kr. 31,0 mill. vil bli nytta til projektskjøn og til generell fordeling i året der også uventa hendingar vil bli tekne omsyn til.

Retningsliner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Generelt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i retningslinene for skjønstilskot presisert at føremålet med skjønsmidlane er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje blir ivaretekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar. Departementet viser i retningslinene også til at Fylkesmannen bør gi ein del av skjønnsramma til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane.

Departementet ynskjer at Fylkesmennene held tilbake skjønsmidlar for å kunne ta omsyn til kommunar som får uventa økonomiske utfordringar i løpet av året. Departementet syner til at dette også omfattar kommunar som blir ramma av naturskade eller andre ekstraordinære hendingar, i den grad departementet ikkje sjølv gir kompensasjon. Dersom midlane ikkje blir nytta til uventa utgifter i året, kan dei bli betalte ut til andre føremål på slutten av året.

Prosjektskjøn

Departementet ønskjer som tidlegare at Fylkesmennene skal gi skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn). Eit viktig føremål med skjønstilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt er å gi kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenesteområda i kommunen.

Departementet har for 2018 presisert at det berre er kommunane sjølve som kan søkje om midlar og stå som ansvarleg for prosjektet. Det må vere kommunane sjølve som skal vere den sentrale part både som initiativtakar og deltakar, i prosjekt som oppnår skjønsmidlar.

Frå og med 2016 skal kommunane søkje om og rapportera på eit eige søknadsskjema på database, som er utarbeidd for alle fylkesmannsembeta. Nærare opplysningar om søknad og rapportering er gitt under.

Kommunar må i søknader om prosjektskjøn syne til ein realistisk prosjektplan og gjere greie for sine utfordringar. Kommunen må vise til klåre målsetjingar med prosjektet og val av løysingar som skal bli prøvd ut i prosjektet.

Prosjekt/oppgåver som ikkje blir støtta

Det skal ikkje bli gitt tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet. Det skal ikkje bli gitt tilskot til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar. Interkommunale prosjekt vil i hovudsak berre kunne få tilskot i etableringsfasen.

Søknader som kjem inn under forsøkslova

Alle søknader som kjem inn under forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Satsingsområde

Kommunesektoren er i sterk omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisera drifta. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren.

Fylkesmannen ynskjer å stimulera kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. I hovudsak prioriterer vi å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

I åra 2015 - 2017 er ein del av skjønssramma gitt til satsinga mot barnefattigdom. Kommunane Askøy, Fjell, Bergen, Ullensvang og Kvinnherad har fått økonomisk støtte til å prøva ut ulike strategiar i arbeidet mot fattigdom i barnefamiljar. Vi legg også for 2018 opp til å gi ein del av skjønssramma til dette føremålet som ei eiga fordeling, utanom ordinært prosjektskjøn.

I tillegg til dette ynskjer vi å prioritera følgjande område for 2018:

1. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidretta og gode omsorgstenester.
2. Samfunnstryggleik og beredskap.

3. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp, t.d.:
 - planlegging av infrastrukturelle skogbrukstiltak mot ras, flaum og storm
 - tiltak etter vassforskrifta
 - planlegging av biogassanlegg som del av interkommunal avfallshandtering i samarbeid med landbruket
4. Interkommunalt planarbeid, t.d.:
 - interkommunalt planarbeid i kommunar som skal slå seg saman
 - prosjekt om kommunale planverktøy / GIS
 - om oppdrett / akvakultur
 - om massedeponi
5. Samarbeidsprosjekt av større omfang innanfor IKT og digitalisering som bidreg til at alle kommunane (fylkesnivå/regionnivå) får tilgang til felles kompetanse- og teknologiplattformer.
6. Interkommunale utviklingsprosjekt som bidreg til effektivt tenestesamarbeid i regionar/ område der det har oppstått uføresette endringar som følgje av kommune-reforma.

Kommunal forankring og ansvar

For å få tilskot må prosjekta vera forankra hos den politiske leiinga i kommunen, og i det minste hos ordførar og rådmann.

For å sikra forankring og tilknytning til prosjektet, er det ein føresetnad at kommunane deltek med ein kommunal eigenfinansiering. I retningslinene for skjønstilskot frå departementet er det lagt til grunn at det må vere ein kommunal eigenfinansiering. Vi legg som hovudregel til grunn at skjønsmidlane frå Fylkesmannen ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene til prosjektet.

Prosess for tildeling

Frå og med fordelinga for 2014 har det vore ein søknadsprosess der regionråda har ei koordinerende rolle. I lys av den planlagde omorganiseringa av Fylkesmannen frå 01.01.2019 vil vi halde fast ved denne ordninga også for 2018.

Fylkesmannen er ansvarleg for sjølve tildelinga, men denne byggjer i stor grad på prioriteringane frå regionråda. Vi ynskjer også at regionråda skal bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Vi legg opp til at kommunane søker om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt direkte til Fylkesmannen. Regionråda blir bedd om å vurdere søknadene og senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadene.

For 2018 skal det søkjast på eit eige søknadsskjema som ligg på database. Gå til:

<https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Søkjær i kommune må nytta Idporten (til dømes med bankid) og må leggja inn:

- Fornamn
- Etternamn
- E-postadresse
- Telefonnummer
- Rolle - søkjær
- Kommune (obligatorisk)

Førespurnad blir send fylkesmannsembetet om godkjenning som søkjær. Når godkjenning er gitt, kan søkjær gå inn på <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no> og fylle ut søknad.

Søknadsfrist

Fristen for kommunane til å søkje om prosjektskjøn er *fredag 16.mars 2018*.

Regionråda blir bedd om å senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom prosjekta innan den same fristen. Regionråda blir også bedd om å gi ei grunngjeving for prioriteringa mellom søknadene.

Dei kommunane som er organiserte i regionråd må leggja søknadene fram for regionrådet sitt i tilstrekkeleg god tid til at rådet kan gjere ei vurdering og prioritering mellom søknadene innan den nemnde søknadsfristen.

Rapportering

Rapportering for prosjektskjønn 2017 må bli gjort i den same databasen som er nytta for søknader for 2017, det vil seie: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2017 er 01.februar 2018.

Rapportering for prosjektskjønn 2018 må bli gjort i den same databasen som vist til over. Førebels frist for rapportering for 2018 er 01.februar 2019.

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Hardangerrådet
v/daglig leder Jostein Eitrheim

Hardanger Næringsråd v/Årsmøte 2017

Hardanger Næringsråd ble stiftet 8/6 – 2011.

Medlemmer av HN i startåret 2011 var næringslag og samarbeidsorganisasjoner innen ulike næringer i alle Hardangerkommunene.

Hardanger Næringsråd har av ulike grunner ikke blitt den samlende parten for næringen i Hardanger. I dag er det kun Ulvik Næringslag, Kvam Næringsråd, Ullensvang Næringsforum og SMB Hardanger som er medlemmer.

Næringslagene har et vidt spekter av ulike interesser innenfor næringsutvikling og fremtidige målsettinger. Delvis også av konkurrerende hensyn.

Det er ikke å stikke under en stol at veier i Hardanger er et stridstema som bidrar til negative muligheter for et godt nærings samarbeid i regionen.

I perioden fra etablering til i dag har HN hatt flere arrangement som har samlet næringen.

Det kan nevnes tema som Turist i Hardanger, Samordning av turistkontora i Hardanger, Energikonferanse, Vegar i Hardanger mm. Og det er blitt utarbeidet en regional næringsstrategi som av fylket er dratt frem flere ganger som en plan med konkrete tiltak fremfor å være et dokument med masse tekst om visjoner mm.

Hardanger Næringsråd inntekter kommer i stor grad i form av medlemskontingent ca kr 15500.- pr år. Dette dekker ikke løpende utgifter og vi ser ikke muligheter til å kunne være aktive for næringen i fremtiden i denne formen.

Hvordan videreføre Hardanger Næringsråd og samarbeidet?

Næringen i Hardanger og det politiske miljøet med ordførere, rådmenn i de respektive kommunen i Hardanger har behov for et møterom som kan gi signaler om fremtida eller behov for de enkelte bedriftene og hva kommunene kan bidra med. Det politiske har også behov for å kunne danne seg et tettere samarbeid med næringen, sett fra næringsiden.

I felles møte med Hardangerrådet, Ullensvang Næringsforum, Kvam Næringsråd, SMB Hardanger ble det informert om «[Team Hardanger](#)».

Med næringsforeningene i Hardanger som deltagende medlemmer/samarbeidspartnere vil «[Team Hardanger](#)» kunne stå på støtt for nettopp å kunne danne samarbeid mellom næring og det politiske Hardanger. Da som et møtested hvor Hardangerrådet sitter ved roret og samkjører tema/oppgaver mm. Innspill fra de lokale næringslagene og næringshagene i Hardanger vil kunne etablere et forum hvor det vil være betydelig enklere å samarbeide/utveksle behov og meninger.

Hardanger Næringsråd utfordringer:

Størst utfordring har HN hatt med ønske fra Hordaland Fylke, Hardangerrådet med prosjektet

«*Regional Næringsstrategi*». Utestående fra HfK kr 145.000.-

For HN var dette midt i blinken for å samle sammen dokumentasjon og underlag som næringen og kommune i samarbeid kunne benytte i etterkant.

Kostnadene ble for grunnlaget av utarbeidelsen inndeckt av Hordaland Fylkeskommune.

Etter hvert som prosjektet skred fremover ble det gjort avtale om utvidelse av prosjektet for å kunne dekke de flere grunnlag og bedre dokumentasjon for senere benyttelse av prosjekt: «*Regional Næringsstrategi*».

HN har imidlertid ikke fått dekket merkostnader fra HfK, av ulike årsaker som ikke blir løst.

Dokumentet som er utarbeidet er grundig og av svært god kvalitet.

Hardanger Næringsråd har sammen med Næringshagen i Odda presentert prosjektet, det er tatt godt i mot fra Hordaland Fylke og Hardangerrådet.

Hardanger Næringsråd ønsker sterkt å kunne videreføre prosjektet i en bedre form slik at eierskapet blir forbeholdt Hardangerrådet og næringen i Hardanger for benyttelse og videre redigering/oppfølging.

Hardanger Næringsråd har sammen med Hardangerrådets leder hatt en god dialog, og HN ser frem til at Hardangerrådet overtar stafettpinnen.

Økonomisk vil dette innebære en engangskostnad på kr 125.000.- eller avtale.

Kostnadene dekker de merutgifter som ble påløpt etter utvidet og forbedret prosjektutnyttelse.

Næringshagen i Odda var inkubator og ledet oppgaven på vegne av Hardanger Næringsråd. Arbeidet ble utført etter de retningslinjer som ble trukket opp av HfK. Dokumentet må komme i drift igjen for å virke som det var tiltenkt i et Hardanger som har behov for utvikling.

Oppsummert::

1. Hardangerrådet inngår avtale med NiO med økonomisk kompensasjon og viderefører prosjekt «*Regional Næringsstrategi*» for kr 125.000.- eller avtale.
 - a. Utestående fra HfK pr dd kr 145.000.-
 - b. Avtalt sum innbetales på HN sin konto som videre overføreravtalt beløp til NiO.
2. Hardanger Næringsråd kan betaler utestående til Næringshagen i Odda.
3. Hardanger Næringsråd oppløses som organisasjon (Årsmøtevedtak 12.12.2017.)

«**Team Hardanger**» kan bli et godt bindeledd mellom næringsorganisasjonene og Hardangerrådet som med dette kan fortsette utviklingen og med et aktivt samarbeidsforum for næringen og det politiske i Hardanger.


Med vennlig hilsen

Jan Ove Aasen

for



Hardangerrådet
Postboks 78
5782 Kinsarvik

 Hardangerrådet		
Saksbeh:		
05 JAN 2018		
Saksnr.	Dok.nr.	
Videres.til:	Arkivkode:	

Kinsarvik, 28.12.2017

Framtidig kommunestruktur

Ullensvang Næringsforum representerer i overkant av 50 små og mellomstore verksemder i noværande Ullensvang herad. Med andre ord den type verksemder som representerer over 90% av alle norske verksemder. Organisasjonen vår er eit felles talerøyr for desse og me er særskilt opptekne av tiltak som kan gje heilårs arbeidsplassar og tilflytting til vår region, Indre Hordaland. Samt sjølvstøtt tiltak som kan betra rammevilkåra for eksisterande arbeidsplassar.

I vårt område er det no i gang prosessar for fleire kommunesamanslåingar. Dette er prosessar som er godt i gang, og dei må halda fram. Samstundes tyder mykje, ikkje minst signal frå styresmaktene, på at det vil koma fleire slike prosessar i åra framover. Dette har vore drøftingstema på fleire av våre medlemsmøte det siste året, og det er brei semje blant medlemmene om at også me må sjå framover. Og me må gjera det no.

Dei indre delane av Hordaland taper igjen og igjen mot dei bynære distrikta rundt Bergen, og mot kyststroka. Det gjeld vegmidlar, det gjeld kollektivtilbodet og det gjeld skuletilbodet. Mellom anna. Rammevilkår som næringslivet i regionen treng for å oppretthalda eksisterande arbeidsplassar og skapa nye, og som kommunane treng for å oppretthalda innbyggjartal og tenestetilbod. For å snu denne trenden er indre Hordaland nøydd til å arbeida saman og stå fram som ein samla region. Me må skapa ein sterk region som er ei jamvekt mot byen og kyststroka, og som skapar like vilkår mellom indre og ytre strok. Enda viktigare vert dette når det nye store Vestlandfylket er på plass.

Me ber Hardangerrådet om snarast å setja på dagsorden, og arbeida mot, ein region av dagens sju Hardangerkommunar (Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik), samt Voss. Med over 37.000 innbyggjarar vert dette ein region, og på sikt kanskje ein kommune, med slagkraft nok til å vera ei jamvekt mot resten av fylket. Med Jondalstunnelen, Folgefonntunnelen og Hardangerbrua har me alt viktige deler av infrastrukturen på plass.

Beste helsing
ULLENSVANG NÆRINGSFORUM

Geir Midtun (s)
Styreleiar

**** Kopi av dette brevet vert distribuert til politikarar lokalt, regionalt og sentralt ****